



Andreas Hundvin
Hundvinvegen 116
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3733 - 18/984

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.01.2018

Referat frå førehandskonferanse - gbnr 56/9 Hundvin

| | |
|---------------------------|--|
| Tiltak | Førehandskonferanse Gbnr: 56/9 Hundvinsvegen 80 |
| Tiltakshavar | Andreas Hundvin |
| Ansvarleg søkjar | |
| Møtestad | Rådhuset |
| Møtedato | 12.01.2018, kl. 09:30 |
| Til stades i møtet | Andreas Hundvin (Hundvin gard) Eilin Houlison Molvik og Anne Lise Molvik frå kommunen |

| | |
|---|---|
| Søklar kom med følgjande orientering om tiltaket | Tiltakshavar har ved innsending av førespurnad om førehandskonferanse gjort greie for følgjande: Tiltaket gjeld etablering av anlegg for bruk av slam frå settefiskanlegg til gjødsel på landbrukseigedom. Det skal etablerast kombinert velteplass for tømmer og lastestasjon for slam samt tank for oppbevaring av slam og rørledning frå settefiskanlegget og fram til lastestasjonen. Slamtanken er ein mobil tank. |
|---|---|

| | | |
|-------------------|---|---|
| Planstatus | <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan <input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan <input type="checkbox"/> Omsynssoner | <input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid <input type="checkbox"/> Områderegulering <input type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod |
|-------------------|---|---|



| | |
|-------------------------|--|
| | <input type="checkbox"/> Uregulert <input type="checkbox"/> Lokale vedtekter <input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan <input type="checkbox"/> Anna |
| Plannamn | Kommuneplan 2011-2023 Reguleringsplanen Nesfossen nærings- og industriområde med planID 1263-201508 |
| Føremål | LNF-føremål, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone I reguleringsplanen er området som vert berørt avsett til akvakulturanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone. Start av leidningstrase vil berøre denne planen. Ut frå innsend dokumentasjon i saka vil leidningstrase gå inn på areal avsett til akvakulturanlegg og tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med planen. |
| Planføresegner | <input type="checkbox"/> Maksimal utnyttingsgrad og reknemåte: <input type="checkbox"/> Maksimal gesims-/ mønehøgde: <input checked="" type="checkbox"/> Byggegrense/byggelinje: Byggegrensa mot FV 57 som er 50 meter (Pkt 1.6 i føresegnene) <input type="checkbox"/> Frisiktsone: <input type="checkbox"/> Krav til møneretning/takform: <input type="checkbox"/> Krav til takvinkel: <input type="checkbox"/> Spesielle krav til terreng, gjerder, murar m.m.: <input type="checkbox"/> Anna: |
| Rekkjefølgjekrav | Ikkje aktuelt |

| | |
|--------------|--|
| Dispensasjon | Dette tiltaket krev dispensasjon frå: <input checked="" type="checkbox"/> Planar: Punkt 1.6 – byggegrensa langs FV 57 som er 50 meter. Lindås kommune handsamar søknaden etter uttale frå Statens vegvesen. <input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova: <input type="checkbox"/> Forskrifter: <input type="checkbox"/> Vedtekter: <input type="checkbox"/> Anna: Plan- og bygningslova § 19-1: |
|--------------|--|

| | |
|-------------------|---|
| | <p>«Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.»</p> <p>Kommunen kan gje dispensasjon dersom ein finn at vilkåra i § 19-2 er oppfylt.</p> |
| Sakstype | <input checked="" type="checkbox"/> Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf pbl. § 20-3 <input type="checkbox"/> Tiltak som krev søknad og løyve, jf pbl. § 20-4 <input type="checkbox"/> Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf pbl. § 20-5 <input type="checkbox"/> Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf pbl. § 20-6 |
| Tiltaksklasse SØK | <input checked="" type="checkbox"/> Tiltaksklasse 1 <input type="checkbox"/> Tiltaksklasse 2 <input type="checkbox"/> Tiltaksklasse 3 <p>Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen.</p> |
| Nabotilhøve | <input checked="" type="checkbox"/> Naboar og tverrbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og situasjonskart, jf. pbl. § 21-3. Det må hentast inn grunneigarerklæring/-avtale dersom anlegget vert plassert på annan manns grunn. <p>Tiltaket skal vera plassert minimum 4 meter frå eigedomsgrensa, jf. pbl. § 29-4, med mindre:</p> <input type="checkbox"/> Det er sett anna byggegrensing i plan <input type="checkbox"/> Det ligg føre skriftleg samtykke frå nabo <input type="checkbox"/> Det vert søkt om dispensasjon <input type="checkbox"/> Kommunen kan godkjenne nærare plassering av garasjar, uthus og liknande mindre tiltak(jf. TEK10 § 6-4 |
| Vatn- og avløp | <input type="checkbox"/> Offentleg vatn <input type="checkbox"/> Privat vatn <input type="checkbox"/> Offentleg avløp <input type="checkbox"/> Privat avløp <input type="checkbox"/> Overvasshandtering <input type="checkbox"/> Terreng <p>Ikkje relevant for tiltaket.</p> <input type="checkbox"/> Tinglyst rett til plassering av anlegg med tilhøyrande leidningar må liggja føre <input type="checkbox"/> Plassering i samsvar med plan |

| | |
|----------|---|
| Tilkomst | <input type="checkbox"/> Tinglyst vegrett må liggja føre <input type="checkbox"/> Tilkomst i samsvar med reguleringsplan |
| | Det må søkjast om utvida avkjøringsløyve til FV57 (velteplass) |

| | |
|------------------------------|---|
| Situasjonsplan / utomhusplan | <p>Parkering, bosskonteinar, ev. planting, lyssetting, reklameskilt, frisktsoner, leikeplassar m.v.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Orientering om kommunen sin rettleiar for situasjonsplan og spesielle krav til situasjonsplan/utomhusplan i føresegner.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avstand til midt fylkesveg 57 for velteplass og eventuell tiltak som skal plasserast på denne. - Ytre hovudmål på tiltak - Frisiktzone for avkjørsle til privat veg og offentleg veg |
|------------------------------|---|

| | |
|--|--|
| Andre tilhøve (avstand til veg, VA-leidningar og høgspant, grunn og miljøtilhøve, radon, ras, flom, støy, overvatn, trafikktilhøve, rikspolitiske retningslinjer, verneinteresser, hefte, rettar, utvalde naturtypar osv.) | |
|--|--|

| | | |
|---|---|--|
| Godkjenning etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2 | <input type="checkbox"/> | Arbeidstilsynet |
| | <input type="checkbox"/> | Direktoratet for mineralforvaltning |
| | <input type="checkbox"/> | Brannvesen |
| | <input type="checkbox"/> | Forurensningsstyresmakt – Kommunal |
| | <input type="checkbox"/> | Forurensningsstyresmakt – Fylkesmannen |
| | <input type="checkbox"/> | Friluftsstyresmakt - Kommunal |
| | <input type="checkbox"/> | Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen |
| | <input type="checkbox"/> | Havnestyresmakt - Kystverket |
| | <input type="checkbox"/> | Helsestyresmakt - Kommunens helsetjeneste |
| | <input type="checkbox"/> | Helsestyresmakt - Mattilsynet |
| | <input type="checkbox"/> | Jordlovsstyresmakt - Kommunal |
| | <input type="checkbox"/> | Kyrkjeleg styresmakt |
| | <input type="checkbox"/> | Luftfartstilsynet |
| | <input type="checkbox"/> | Kulturminne – Fylkeskommunen |
| | <input type="checkbox"/> | Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum |
| | <input type="checkbox"/> | Sivilforsvaret |
| <input type="checkbox"/> | Vegstyresmakt – Kommunal | |
| | Det vert sett same krav til avkjøringsløyve frå private vegar som | |

| | |
|--|--|
| | til offentlege vegar, jf pkt 1.8 i føresegnene til kommuneplanen |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Vegstyresmakt - Statens vegvesen Avkjøringsløyve til FV 57. |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Mattilsynet – løyve etter gjødselvarforskrifta BKK - høgspenningsanlegg |
| Søkjjar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter. | |

| | |
|-----------------------------|--|
| Det er gitt informasjon om: | <input checked="" type="checkbox"/> Saksgang etter plan- og bygningslova - 12 veker sakshandsamingstid pga at tiltaket krev løyve frå anna mynde og dispensasjon frå byggjegrænse i plan. <input type="checkbox"/> Aktuelle prosjekteringsføresetnader <input checked="" type="checkbox"/> Krav til søknadsdokumentasjon Rettleiar om dispensasjonssaker følgjer vedlagt. <input type="checkbox"/> Kommunen sin informasjon på internett <input type="checkbox"/> At kommunen rår til at søknaden vert sendt inn elektronisk via ByggSøk |
|-----------------------------|--|

| | |
|------------------------------|---|
| Eventuelt / Andre tilhøve | <p>Etablering av leidningstrase og tank for slam vert vurdert å vera i samsvar med gjeldande arealbruk då slammet skal nyttast til gjødsel på landbrukseigedomen, jf kap. 5 i føresegnene.</p> <p>Etablering av leidning for transport av slam er vurdert å vera i samsvar med arealføremål i vassdrag, jf punkt 6.2 i føresegnene.</p> <p>Byggjegrænse langs fylkesveg 57 er 50 meter. Etablering av velteplass og anlegg for transport av slam innanfor byggjegrænse vil kunne krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå denne.</p> <p>Tiltaket krev utvida avkjøringsløyve frå fylkesveg 57. Søknad om utvida avkjøringsløyve skal sendast til Statens vegvesen.</p> <p>Då leidningstraseen kryssar (leggast i eksisterande rør under) den Trondheimske postveg vil søknaden verta send på høyring til Statens vegvesen. Det kan vera føremålstenleg å ta kontakt med dei for å avklara trase før søknaden vert send inn.</p> <p>Anlegget ligg i nærleiken av faresone høgspenningsanlegg. Etablering av tiltak innafor faresona og i nærleiken til denne må avklarast med leidningseigar (BKK).</p> <p>Etablering av velteplass krev løyve etter landbruksvegforskrifta. Søknaden vert handsama av landbruksavdelinga.</p> <p>Etablering av anlegg for handtering av slam krev løyve etter pbl § 20-1, jf § 20-3.</p> |
|------------------------------|---|

| | |
|--|--|
| | <p>Søknad om dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesveg 57 vert handsama av Lindås kommune ved byggesak etter uttale frå Statens vegvesen.</p> <p>Søknadane føreset at det ligg føre avkjøringsløyve og eventuell dispensasjon frå byggjegrensa langs veg. Vi tilrår at de søkjer om løyve til utvida bruk av avkjørsla til fylkesveg 57 før innsending av søknad til kommunen. De bør også tak kontakt med Mattilsynet i forhold til bruk av slam frå settefiskanlegget til gjødsel. Dersom uttale/løyve ikkje ligg føre vil kommunen senda saka på høyring til Mattilsynet.</p> <p>Vedlagt følgjer dispensasjonsretteiar og kart som viser kommuneplanen.</p> |
|--|--|

Kommunen gjer merksam på at førehandskonferansen berre er ei gjensidig orientering og at den ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga.

Merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

Dette referatet skal vera vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Forhåndskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Lindås kommune si gebyrforskrift.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 56-9 kart som viser kommuneplanen
dispensasjon

Mottakarar:

Andreas Hundvin

Hundvinvegen 116 5956

HUNDVIN